

DI KYRKJE - MI FRAMTID

3. og 4. mars deltok 35 engasjerte ungdomar i alderen 15 - 28 år på Møre Bispedøme sitt ungdomsting. Fleire kyrkjelydar frå ulike prosti sende delegatar til tinget. Mottoet for årets ting var: "Di kyrkje - mi framtid; ungdommen i dag er kyrkja si framtid, vår stemme bør bli høyrte".

Alle mellom 15 og 30 år som ønskjer det, kan vere med på ungdomsting, men det er berre to frå kvar kyrkjelyd eller kristen ungdomsorganisasjon som kan vere delegatar med røysterett. Dette året veksla tinget på å vere på Seilet hotell og i Molde domkirke.



Ungdomsrådet i Møre bispedøme hadde gjort eit godt førearbeid og kunne tilby deltakarane to dagar med variert program: bli-kjent-leikar, workshop, grill ein biskop, positive ting med å arbeide i kyrkja, sosialt, kveldsavslutning med andakt, gudsteneste i domkyrkja og val av nytt ungdomsrådsstyre.

Biskop Ingeborg Midtømme var ein sjølvskriven gjest til tinget, og ho stilte sporty opp under grillinga. Å grille ein biskop betyr at biskopen gjev svar på spørsmål som kjem frå salen. Ungdommen var frimodig, og biskopen ga seg god tid til å svare på alt. Her var det både alvor og glede. Eit av spørsmåla frå salen var om liturgi: "Kvifor er liturgien på gudstenestene så kjedeleg?" Biskop Ingeborg spurde då tilbake: "Jasså, lurar de også på det?" Dette skapte latter i salen.

Biskopen fortalde vidare at veldig mange får mykje ut av liturgien, at det er noko ein kan støtte seg på og som gir mening for kvar enkelt. Inni liturgien ligg det kjente ledd som kan knytast opp imot evangeliet, eksempelvis gloria. Og her byrja biskopen å synge for oss: "Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i". Ho forklarte ungdommen at det var englesongen på Betlehemsmarka den gongen då Jesus vart fødd. Liturgien gjev liv til evangeliet og er eit symbolsk språk som kyrkja støtter seg på. På den måten kan mennesket få næring til si eiga tru ved å gå til gudsteneste. Det skjer ikkje berre gjennom preike, men også gjennom bibeltekstar, bøn, salmar, musikk, fellesskap og liturgien. I gudstenesta er det noko for kvar og ein sin smak. Ungdommen spurde også om helbredelse og biskopen sitt syn på det. Det er kjent at biskopen har hatt leddgikt i mange år. Til dette svarte biskop Ingeborg at det å bli helbreda ikkje berre gjaldt å bli frisk, men også å godta korleis ein har det. Det å godta handicapet sitt/utfordringane sine og få hjelp til å leve med vanskaner, kan også vere ein slags helbredelse.



Biskop Ingeborg fekk god kontakt med ungdommen, og det var tydeleg at dei sette pris på eit møte med henne. Biskop Ingeborg la også til litt om mottoet som gjaldt for ungdomstinget: "Di kyrkje – mi framtid". Ho sa at her burde det stått "VÅR kyrkje", for vi er ei kyrkje saman: barn, unge, vaksne og eldre.

Ekstra kjekt var det å få besøk av tre teologistudentar til tinget; Kristina Bjåstad og Sissel Øygarden frå TF (Teologisk fakultet) og Elias Nikolai Øyehaug frå MF (Menighetsfakultet). Dei presenterte sine studiestader og la inn mange gode ord om kvifor eit arbeid i kyrkja er verdifullt. På gudstenesta på søndag var dei med og deltok med liturgi og nattverdutdeling. Det er veldig positivt for ungdommen å sjå så dyktige studentar i sving. Dei stilte opp med stand og deltok aktivt i heile programmet til ungdomstinget.



Ungdomstingkoordinator, Evy Marie Tofte, har følgd ungdomsrådet tett og gitt dei god vegleiing i korleis dei skal leie på ein god måte. Ungdomsrådet leda ungdommen på ein framifrå måte gjennom heile helga; dei hadde førebudd gode workshoptema som deltakarane arbeidde med i komitear. Ungdommane i rådet ga mykje inspirasjon til alle som såg dei i aksjon. Dei leia kvar si gruppe. Ei gruppe snakka om korleis det var å vere kristen i dag. Dei var også ute på gata og stilte det same spørsmålet til dei de traff på: om dei var konfirmerte, og når dei var i kyrkja sist. Til sist spurde dei kva som skulle til for at dei skulle kome på gudsteneste førstkomande søndag. Ei anna gruppe snakka om: Kva om Jesus var ein av oss? Korleis ville det vere om Jesus kom tilbake i dag? Er Møre bispedøme på rett veg? Kva skjer med ungdommen? Den siste gruppa hadde temaet «di kyrkje – vår framtid» som tema. Dei snakka om kva som må til for at ein blir verande i det kristne ungdomsarbeidet eller i kyrkjelyden.

Laurdagskvelden blei avslutta med godteri og morosame leikar. Seint på kvelden blei møterommet gjort om til eit liturgirom. Lyset blei dempa, og alteret blei dekkja: kvit duk, lys, oblat, vin og kalk. Rådgjevar for diakoni Toril Krakeli Holm og spesialprest/rådgjevar for ungdom Inger Marie Jakobsen Sylte stod for ei roleg kveldsavslutning der student frå TF (Teologisk fakultet), Kristina Bjåstad, hadde andakten. Med ei bøn om ei god natt og eit ønske om velsigning på vegen for kvar og ein, takka vi alle for den gode dagen.

Etter frukost og utsjekking flytta vi oss til Molde domkirke i Sub Urban lokalet. Her gjekk resten av programmet føre seg. Vi deltok i gudstenesta der ungdomsrådet presenterte seg, og alle i ungdomstinget reiste seg opp, så alle fekk sjå kor mange vi var. Det var ei flott gudsteneste som appellerte til ungdommen.





Til kyrkjekaffien hadde Sjømannskirken sin representant, Marit Nordhaug, steikt vaflar til ungdomstinget. Medan ho informerte om Sjømannskirken sitt arbeid, koste ungdommen seg med kvar ein bit av vaffelhjarta sine.

På slutten av dagen vart det skikkeleg demokrati og val på høgt plan. Til då hadde deltakarane møtt det gjennom sosiale tiltak. No var tida inne til å ta fram røysteretten sin. Leiar i ungdomsrådet, Marthe Walderhaug (18 år), viste stor leiarevne under gjennomgangen av saklista. Alle delegatane hadde ein øvingsrunde først i korleis dei skulle bruke røysteretten sin, og alle blei lærte opp i elementære valsekvensar på ein effektiv måte. Spesielt spennande var det då val av nytt styre skulle gjennomførast. Fleire av deltakarane ønskte å stille til val. Dei sa dei hadde blitt inspirerte i møte med ungdomsrådet. I sin valtale som kvar enkelt heldt, var det noko dei var heilt einige i: Dei ønskte seg fleire ungdommar inn i aktivt arbeid i kyrkja.




For oss vaksenleiarar som stod i bakgrunnen, var det særdeles flott å sjå på desse ungdommane som ivra for si kyrkje og si tru. Alle som stilte til val, er frå 15 til 17 år, konfirmasjonsalderen til 2. klasse vidaregåande. På lik linje med alle deltakarane på ungdomstinget hadde dei eit felles ønske: Ungdommen må bli tatt på alvor og få bli med og forme framtida si kyrkje.

Heile helga var full med innhald og gode opplevingar. Vi har tru på framtida! Og vi ønskjer at fleire ungdommar skal få sjanse til å få oppleve det å vere på eit ungdomsting. 2019 er neste sjanse! Fram til då kan alle bli med og oppmuntre ungdommane i sin eigen kyrkjelyd til å bli med. Kvar kyrkjelyd kan sende to delegatar. Draumen er jo at alle kyrkjelege fellelsråd i Møre bispedøme har nokon ungdommar mellom 15 – 30 år å sende. Inntil det skjer, er vi strålende fornøgde med at så mange deltok i år! Og det beste av alt: det var mette og blide ungdommar som vi sende heim.



Takk for denne gongen til kvar og ein deltakar og leiar!





Fortell oss med ei setning kvifor andre ungdommar skal kome på ungdomsting i 2019?

27 svar

Fordi det e kjekt og ganske sosialat/lærerikt osv

Det er lærerikt

Det er kjekt og nyttig å få hjelpe til med noko slikt.

Venner for livet og det er super morsomt

Sosialt

Fer d va kjempe trivelig å du blæ kjent mæ munge nye og koselige folk

Det er sykt morsomt, sosialt og lærerikt.

Fordi det var sjukt kjekt, og det åpnar også mange nye moglegheiter dersom dei vil det.

Blir kjent med nye og hyggelige folk og lærer seg mye og koser seg mye også

Får sei meinga si

Det er sykt morsomt, sosialt og lærerikt.

Fordi det var sjukt kjekt, og det åpnar også mange nye moglegheiter dersom dei vil det.

Blir kjent med nye og hyggelige folk og lærer seg mye og koser seg mye også

Får sei meinga si

Det er et godt steg for å komme inni det kristne miljøet. At man blant annet får tillit ved å sitte i et råd, og kanskje bli leder og nestleder

Det er kjekt, sosialt, lærerikt, minnerikt & minne for livet.

For du blir kjent med nye folk og det er gøy!:)

Lærerikt møte der ein blir kjent med mykje kjekk ungdom og Finn på mykje kjekt!



du he d kjempe arti å lære mykje nyttig! (2)

Sosialt, lærerikt og inspirerende! (2)

Fordi det er awesome

Sosialt og nødvendig

Lærerikt og kjekt

Det er gøy, og lærerikt

Det er interresant, og du får ett nytt syn på «kristendommen»

morsomt, spennande og utviklande

Møte nye folk

Det var veldig lærerikt og det var artig å møte mange nye folk



Sosialt og morsom

Fordi det e kjekt og ganske sosialat/lærerikt osv

Det er lærerikt

Det er kjekt og nyttig å få hjelpe til med noko slikt.

Venner for livet og det er super morsomt

Sosialt

Fer d va kjempe trivelig å du blæ kjent mæ munge nye og koselige folk

Det er sykt morsomt, sosialt og lærerikt.

Fordi det var sjukt kjekt, og det åpnar også mange nye moglegheiter dersom dei vil det.

Blir kjent med nye og hyggelige folk og lærer

